

Innspel budsjett 2026 – Syverplassen FAU

Gjeld: Budsjett 2026

Ang Syverplassen barnehage og Bigset barnehage

- Stemmer det at det ikkje er lagt inn pengar til sjukevikar, ferievikar mv?
- Vi ser generelt at t.d. budsjetterte kostnader til straum er omtrent halvert frå 2025, sjølv om bygget er større. Stemmer det?

Med føreliggande lønnsbudsjett ligg vi i alle fall ikkje over bemanningsnorm, så kva er tanken viss ein tilsett vert sjuk? Skal avdelingar stengast? Skal det feriestengast, sidan vi ikkje har budsjett til ferievikar? Er det teke hensyn til konsekvensen av at barnehagetilbodet i perioder kan bortfalle?

Vi er uroa for kva konsekvensar dette får dersom foreldre vel bort dei kommunale barnehagane som følgje av midlertidig stengingar ved sjukdom og manglande vikar. Resultatet vert då større overføringar til privat barnehage. Sidan Syverplassen no har teke inn 10 nye barn under 3 år er det også stor risiko for kommunen knytt til å drifte med ulovleg / uforsvarleg bemanning; Kan kommunalsjef og kommunedirektør stå inne for eit budsjettet om konsekvensen er at 1-åringane ikkje får tilfredsstillande tilsyn? Eller er tanken at avdelingane då skal stenge?

Spørsmåla skaper stor usikkerheit for både foreldre og tilsette, vi håper på eit oppklarande svar.

Beste helsing

For SU Syverplassen barnehage SU Bigset barnehage

Thor Ove Rekdal Nedrelid Einar Måseide
Andrea Sæverud Astrid Singstad Knotten
Renate Liaset Tomas Bøe Østrem
Solveig Ertesvåg Siw Olsen
Trude Gurskevik Knotten Karl Magnus Hegde Næss
Dagny Otterlei Marita Solvang Sandvik